

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7898 - 22/82966

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
01.11.2022

Svar på søknad om utsettjing av arbeidsfrist i høve løyvd tilskot til skogsveg i Alver kommune - Gnr. 425, bnr. 1-14

Vi syner til tilsegn om tilskot til landbruksveg – Haugland på Radøy frå dáverande Fylkesmannen i Vestland v/Terje Natland den 01.10.2019. Dykkar referanse er 2019/17575.

Arbeidsfrist vart då sett til 01.10.2022.

Leiar for bygging av skogsvegen og Haugland veglag SA – Arne Haugland – tok før fristen for ferdigstilling i høve tilskotet gjekk ut, munnleg kontakt med kommunen om å utsett fristen til ut 2013. Ved ein inkurie vart saka liggjande ei stund hjå kommunen.

Veganlegget er om lag ferdig bygd og berre grusing av toppdekket står att.

Søknaden er grunngjeve med at det er søkt om løyve til å byggje ein sidearm. I påvente av at denne vert godkjent og bygd, er det ynskjeleg å òg få sidearmen ferdig før godkjenning i høve sluttutbetaling. Dette for å spare riggkostnadar då entreprenør elles må transportere utstyr fleire gongar.

Alver kommune står denne tankegangen.

I forskrift om «Tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» § 3 1.ledd går det fram at det er kommunen som fattar vedtak etter denne forskriften. Så er det slik at vedtaket i si tid vart gjort av dáverande Fylkesmannen i Vestland. Kommunen er difor noko usikker på kven som har vedtaksmynde då kommunen i utgangspunktet ikkje kan endre eit vedtak gjort av i denne saka overordna organ.

Vi gjer likevel vedtak i saka, men om Statsforvaltaren finn at det vert feil, ber vi Statsforvaltaren opphevar vårt vedtak og gjere eit eige vedtak. Vi ser på saka som kurant.

Vedtak:

I medhald av forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3, 5.ledd gjev Alver kommune Haugland veglag SA v/Arne Haugland utsett frist til 31.12.2023 for å ferdigstille veganlegg som vart godkjent for løyving 01.10..2019.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Om det er Statsforvaltaren som av formelle grunnar skal fatte vedtak, ber vi om at de opphevar vårt vedtak og gjer nytt vedtak i samsvar med føringane i dette brevet.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Sigbjørn Haugland
Statsforvaltaren i Vestland

Listveitvegen 49
Njøsavegen 2
5937
6863
Bøvågen
LEIKANGER